

Kilsfjorden

Straumen på *Straumshamn* er styrt av flo og fjøre og gir godt fiske. Elvefiskarane prioriterer *Kilselva*. Aust for *Botnavika* skjuler *Brundalen* seg, ein harmonisk friluftsoase. Mellom Kile og *Bjørkedalsvatnet* finn du ein kulturrik og familievennleg rusleveg, der både sykklar og barnevogner kan brukast langs dei to vatna.

2.10 Den gamle postvegen

Den grasrodde vegen var ein del av postruta mellom *Volda* og *Eid* i "hine hårde dage". Du passerer *Olavskjelda*, *Olavskrossen* som vart gjenreist i 1914 til minne om Olav den heilage, og *Brurehilla*. Ruta har fleire opplysningsskilt. Vegen er oftast snøfri frå mars til desember. Ei svært lett rute på **1,5 km** som er gjort på **1/2 t**. Høgdeskilnad **30-65-15 m**.

Det er god parkering ved E39 vest for *Storebrua* i nordenden av *Bjørkedalsvatnet*. Trafikkskilt for gangveg ved eit toalett markerer starten på fotturen, som går langs *Mevatnet* til *Nedstevatnet*. Frå *Olavskrossen* er det ein bratt bakke ned til hyttene der du også finn ein god parkeringsplass.

Er du på tur med terrengsykkel, kan du forlengje utfordringa ned til *Kile*. På ein litt meir humpete skogsveg langs vestsida av *Kilspollen* kjem du heilt til *Straumshamn*.

2.11 Heida - Keipen

Eit av dei vakraste fjella i *Volda*, med flott kjegleform. Frå delar av *Bjørkedalen* ser du også klofta i toppen som liknar ein keip på ein robåt, derav namnet. Flott fjelltur med sesong frå juni til oktober. Vanskegraden er **middels tung**, stigning på **3 km** frå **245-944 m**. **2-3 t** ein veg.

1,5 km frå E39 ved *Straumshamn* i retning *Austefjorden* startar ein bomveg som kan køyrast opp til vatnet i *Lisjedalen*. Stien er skilta mot *Heida* oppover den skogkledde fjellryggen. Det vert gradvis slakkare frå 400 til 600 m høgde. Hald deg så på ryggen mot vest der du finn det tørraste terrenget. Sving litt aust i siste kneika før toppen.



2.12 Lisjedalen - Brundalen

Ein vakker låg fjelldal med spreidd furuskog, fiskevatn, setrar og mange mulege turvarianter. I tillegg til bomveg frå *Botnen* omtala i rute 2.11, kan du gå fjellvegen frå *Bjørnaset*. Den fører til sti mot *Bjørnasetetra*. Frå *Lisjedalen* ligg det til rette for ein barnevennleg fottur. Bærspanna bør vere med i august og soppkorga i september. Stien kan vere snøfri frå mai til november.

Ei lett rute på **1,5 km** med liten høgdeskilnad, frå **242 til 380 m**. **1 time** opp til *Bjørnasetetra*.

Med bil til *Lisjedalen* som i rute 2.11. Over demninga ved osen startar den veltrakta stien langs nordsida av elva til *Brundalen*. Kryss elva ved sørvestenden av *Brundalsvatnet*, og du finn to setrar i ope terreng ved vatnet.

Jolgrøsvatnet. Frå *Brundalsvatnet* går ein sti 2 km sørover, opp til jeger- og fiskarforeninga si hytte ved *Jolgrøsvatnet* under *Blåhornet*. Held du fram i retning *Keipen*, kan du finne sti mot *Sulvatnet*. Hald fram nord for *Keipen* til *Heida*, og ned stien til bilen ved *Lisjedalsvatnet*. Ein variert og flott rundtur med fleire fiskevatn.

